

NORSK VIND AS
Postboks 8034
4068 STAVANGER

Vår dato: 19.05.2020
Vår ref.: 200703409-262
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Måkaknuten vindkraftverk - vedtak om utsett frist for idriftsetting, Bjerkreim og Gjesdal kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 13.05.2020 frå Norsk Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Måkaknuten vindkraftverk frå 31.12.2020 til 30.06.2021. Måkaknuten vindkraftverk er lokalisert i Bjerkreim og Gjesdal kommune, Rogaland fylke.

Endelig konsesjon for Måkaknuten vindkraftverk vart tildelt Norsk Vind AS av OED 05.07.2012. I konsesjonsvilkår nr. 3 vart det satt frist om idriftsetting av anlegget innan 2020 med moglegheit for forlenging viss søknad vart sendt inn seks månadar før fristen gjekk ut.

Norsk Vind AS søker om utsett frist for idriftsetting av Måkaknuten vindkraftverk med grunngjeving i problem forårsaka av pandemien covid-19. Leveranse av maskinhuset til vindturbinane, som blir tilverka i Kina, er betydeleg forsinka grunna stenging av fabrikkene. Reiserestriksjonar har også gjort det meir krevjande med reiser til og frå Noreg noko som rammar utanlandske teknikarar som arbeider med installasjon og idriftsetting av vindturbinane.

Norsk Vind AS viser til at alle internveggar og oppstillingsplassar, kabelarbeid, turbinfundament og transformatorstasjon er ferdig, medan turbintransport er pågåande. I oppdatert framtidsplan frå turbinleverandøren er ferdigstilling berekna til slutten av oktober, med idriftsetting i slutten av november 2020. Norsk Vind AS meiner likevel at det er ein risiko for vidare forseinkingar som følge av reiserestriksjonar for utanlandske arbeidarar, nye restriksjonar ved ei ny bølje av covid-19 og auka mengd «verdagar» som følge av at turbininstallasjon er flytta til hausten. Montering av turbinar er ikkje tilrådeleg ved vindhastigheitar over 8 m/s.

NVE viser til at fristen for idriftsetting av Måkaknuten vindkraftverk går ut ved årskiftet. Me konstaterer at det på grunn av utforutsette hendingar er ein reell risiko for at vindkraftverket ikkje vart ferdig innan utgangen av 2020. NVE finn det rimeleg å gi forlenging av fristen for idriftsetting til 30.06.2021.

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom anlegget er under bygging og realiseringa av vindkraftverket er forsinka av forhold som er utanfor konsesjonærs kontroll. Det er tillegg administrativ praksis hjå NVE å innvilga forlenga frist for idriftsetting fram til 31.12.2021.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Norsk Vind AS utsett frist for idriftsetting av Måkaknuten vindkraftverk frå 31.12.2020 til 30.06.2021.

NVE legg i vedtaket vekt på at utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket gir Norsk Vind AS tilstrekkeleg tid til å fullføra utbygginga på ein trygg måte og utsettinga fører ikkje til ulemper for andre anna enn at kraftverket kan fullførast eit halvt år seinare enn planlagt.

NVE ber Norsk Vind AS opplysa grunneigarar og andre parter om vedtaket.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av parter i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Bjerkreim kommune
Fylkesmannen i Rogaland
GJESDAL KOMMUNE
Rogaland fylkeskommune